

Skjøtselsplan for Skogane,  
ein husmannsplass i Dyrdal, Nærøyfjordområdet

Siri Wølneberg Bøthun

<i>Tittel:</i> Skjøtselsplan for Skogane, ein husmannsplass i Dyrdal, Nærøyfjordområdet	<i>Rapportnr:</i> Desember 2016
<i>Forfattar:</i> Siri Wølneberg Bøthun	<i>Dato:</i> 06.12.2016
<i>Referanse:</i> Bøthun, S. W. 2016. Skjøtselsplan for Skogane, ein husmannsplass i Dyrdal, Nærøyfjordområdet, Siri Bøthun Naturforvaltning, rapport, desember 2016	
<i>Oppdragsgjevar:</i> Arild Dyrdal	<i>Kontaktperson oppdragsgjevar:</i> Arild Dyrdal
<i>Forsideillustrasjon:</i> Skogmarihand lyser mot deg i den beiteprega skogen kring husmannsplassen Skogane.	<i>Emneord:</i> Kulturlandskap Skjøtselsplan
<i>Produsert av:</i> Siri Bøthun Naturforvaltning Fresvikvegen 995 6896 Fresvik Tlf. 97514784 <a href="mailto:post@sbnaturforvaltning.no">post@sbnaturforvaltning.no</a>	



## Forord

Ein av grunneigarane på Skogane, Arild Dyrdal, er oppteken av kulturhistorie og ynskjer å ta vare på pedagogiske og rekreasjonsmesige verdiar så vel som dei kulturhistoriske. Han har, med finansiering frå fleire bidragsytatarar inkl. Kulturminnefondet og hjelp til organisering frå Nærøyfjorden Verdsarvpark, fått restaurert Skogastova, eit autentisk bustadhus i lafta tømmer frå 1838. Husmannsplassen på Skogane er i ferd med å gro til, men framleis finst eit par opne, og høvesvis godt bevarte slåtteenger. Med kulturlandskapsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har han no leig inn underteikna for å få utarbeidd ein plan for korleis desse areala og dei øvrige kulturlandskapsverdiane på plassen kan bevarast på beste måte. Planen er utarbeidd i samråd med Dyrdal, der prioriteringar og avgrensing og er drøfta med verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes.

Skogane gjorde inntrykk med sine fargerike engar, overdryssa av skogmarihand. Eg takkar for høvet til å få kome opp her på arbeidsoppdrag, og ynskjer lukke til med skjøtselen.

Siri Wølneberg Bøthun  
Fresvik, 06.12.2016

# Innhold

<i>Forord</i> .....	<i>iii</i>
<i>Innhold</i> .....	<i>iv</i>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1 Bakgrunn for planen .....	1
1.2 Mål.....	1
1.3 Metode .....	1
Bestemming av vegetasjonstyper, verdivurdering .....	1
Avgrensing og prioriteringar .....	2
<b>2 Bakgrunnskunnskap</b> .....	<b>2</b>
2.1 Naturtilhøva .....	2
2.2 Brukshistorie .....	3
<b>3 Presentasjon av kulturlandskapet med plan for skjøtsel</b> .....	<b>4</b>
Tilkomst og potensiale som opplevingsmål .....	4
Dagens tilstand .....	4
Åkerlappar.....	5
Bygningar og vasskjelde .....	6
3.1 Prioriteringar av skjøtselstiltak.....	7
3.2 Kulturlandskapet inndelt i teigar .....	8
3.3 Teigar utanom slåttemarka .....	13
3.4 Andre tilrådde tiltak for å bevare eit heilskapleg kulturmiljø .....	14
<i>Etterord</i> .....	<i>15</i>
<i>Kjelder</i> .....	<i>16</i>

3 vedlegg: Plankart, krysslister, lokalhistoriske klipp

# **1 Innleiing**

## **1.1 Bakgrunn for planen**

Skogane er ein liten høgtliggende husmannsplass i bygda Dyrdal i Nærøyfjorden, Aurland kommune. Husmannsplassen ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde og er inkludert i Verdsarvområde Vestnorsk Fjordlandskap, Nærøyfjordområdet. Plassen har gjennom historia hatt status både som gard, som husmannsplass og som støl.

Dyrdal er som bygd eit heilsakleg kulturlandskap, m.a. verdsett som ein del av det nasjonalt viktige kulturlandskapet langs Nærøyfjorden (Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap 1994, og [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)). Utslåtter, stølar og gamle husmannsplassar er ein viktig del av denne heilsakpen.

Det er utarbeidd ein overordna skjøtselsplan for Dyrdal (Bøthun 2013). Planen har sitt hovudfokus på gardane langs sjølve dalen. Utkantane med støler og tidlegare husmannsplassar er inkludert i planen som ein viktig del av heilsakpen, men er likevel mindre vektlagt. Skogane er inkludert i planen men var i dette planarbeidet ikkje prioritert. Medverkande til dette var lokalisinga, som gjer at det ville kravt ekstra ressursar å gjere eigne undersøkingar her. Det syner seg i arbeidet med skjøtselsplan for Skogane at den overordna planen har undervurdert dei biologiske verdiane på plassen.

## **1.2 Mål**

Målet med å utarbeide ein skjøtselsplan for Skogane er å legge til rette for å kunne ta vare på kulturlandskapet på husmannsplassen med sine biologiske, kulturhistoriske og landskapsmessige verdiar, der skjøtsel og prioriteringar ikkje er tilfeldig, men vert gjort ut frå faglege vurderingar.

Målet for skjøtselen er

- Å ta vare på det biologiske mangfaldet, og særleg artsrikdomen i slåtteengene.
- Å ta vare på eit tydeleg avgrensa kulturlandskapet med stor pedagogisk verdi, der ein innafor korte avstandar finn alle element knytt til ein nøysam gardsdrift
- Å sette den restaurerte Skogastova inn i sin rette kontekst og gje inntrykk av velstelte omgjevnadar for bygningen

## **1.3 Metode**

### **Bestemming av vegetasjonstypar, verdivurdering**

Kartlegginga av vegetasjon har hatt fokus på kulturmarkstyper, med hovudvekt på feltsjiktet. Engtypane er klassifiserte etter Handbok for registrering av slåttemark (semi-naturlig eng) i Sogn og Fjordane (Austad, Hauge og Hamre, 2015). Denne handboka peikar ut høvesvis vide grupper. For å gi noko meir opplysning er utfyllande opplysningar nemnd i parentes i faktaboksen for kvar teig. Handboka støttar seg på det nye naturklassifiserings-systemet NiN, versjon 1.0.0. Dette er under utvikling, og enno ikkje fulldekande når det gjeld eng-typar som er typiske i Sogn og Fjordane. Austad, Hauge og Hamre støttar seg difor også på den klassiske vegetasjonstypeinndelinga til Fremstad (1997) og sine eigne, breie erfaringar som spesialistar på kulturlandskap i eige fylke.

Gjeldande versjon av NiN er no 2.0, og både inndelingane og miljøvariablene innanfor typen er endra når det gjeld semi-naturleg eng. I NiN2.0 fell naturenger innanfor T 32, og engene på Skogane vil truleg falle innanfor T 32-4, Intermediær eng med klart hevdpreg. Verdivurderinga (verdi A, B eller C) er freista å fylge normen etter DN handbok 13.

Artsinnhaldet og dominansforholdet mellom artane har vore førande for plassering i vegetasjonstype. Dominansforhold mellom artane og førekommst av typiske attgroingsartar, og evt. oppslag av busk og tre er skildra for å illustrere grad av attgroing.

Det er laga ei kryssliste for engvegetasjonen, både samla og inndelt i fire ulike teigar. Arbeidet vart gjort tidleg i juni månad, då langt dei fleste artane var sprunge godt nok ut for ei sikker bestemming. Typiske seine engartar som t.d. blåknapp kan likevel finnast utan å ha vorte oppdagat.

I dei to teigane som er minst attgrodd vart det lagt ut 1x1 og 0,5x0,5 meters ruter for å kunne samanlikne dei, og for å kunne sjå dei opp mot alminnelege mål for artsmangfald.

### Avgrensing og prioriteringar

Planen er avgrensa etter skjønn, med mål om å ta vare på ein heilskap som syner dei areala som har vore mest intensivt utnytta i gardsdrifta. Dette inkluderer og nokre av dei heilt nærmaste beiteområda og ei hagemark tett knytt opp til plassen. Planen inneheld med det følgjande kulturmarkstyper:

- framleis opne slåtteenger
- kulturpåverka areal inngjerda av steingardar og/eller med tydelege bakkemurar sett opp for åkerdrift
- ein velutforma bjørkehage
- areal med beiteskog i sonene kring slåttemarka, innanfor eit høvesvis tydeleg skilje mot skog med mindre kulturpåverka feltsjikt, stadvis og markert med gjerde/tidlegare gjerde

Avgrensing og prioriteringar er gjort i samråd med verneområdeforvaltar for Nærøyfjordområdet.

## 2 Bakgrunnskunnskap

### 2.1 Naturtilhøva

Skogane ligg på om lag 250 moh. Langs fjorden ligg ei smal sone innanfor sørboreal vegetasjonssone, denne går gradvis over i mellomboreal oppover lisida (Moen 1998).

Dominerande vegetasjonstype i kringliggende område er boreal lauvskog med noko innslag av furuskog. Klimamessig ligg området i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998). Då plassen ligg på ein liten rygg på vestsida av Nærøyfjorden, er engene eksponert dels mot sør/sør-aust og dels mot nord/nord-aust.

Berggrunnen består av harde djupbergartar. Dei forvitrar seint, men kan på rasmark og knusingssoner gje ein viss mineraltilgong, m.a. kalk. I nedre del av Dyrdal, inklusive området der Skogastova ligg er hovudbergarten «Mangerittsyenitt». Dette er forklart i berggrunnskartet som «Granodioritt, lys, (kvarts)monzodioritt og hyperstenmonzonitt (mangeritt), middels- til grovkornet, mangerittisk gneis» (berggrunn 1:250 000, NGU). Den vesle ryggen husmannsplassen er plassert på har tynt morenedekke, til forskjell frå kringliggende område som har tynt eller inkje lausmassedekke, og frå hovuddalen i Dyrdal som i stor grad er dominert av rasmassar.

## 2.2 Brukshistorie

Skogane vart opphavleg rydda som sjølveigen gard i første del av 1800-talet, og bustadhuset Skogastova var ferdigbygd i 1838. Då var bøane rydda og gjerder og bakkemurer bygde. Rydningsrøysene er etablerte på denne tida. Eigaren vart sjuk, og klarte ikkje realisere livsverket. Hus og løe sto tomt fram til 1875. Då skifta garden status, og vart ein husmannsplass under Framigarden, som er eit av hovudbruken i Dyrdal (Bygdeboka for Aurland, Ohnstad, 2006, sjå også saksa tekst frå magasinet Jol i Sogn, vedlagt).

Husmannsfamilien budde i Skogane fram til 1915, då hadde 11 ungar vekse opp her. Etter dette vart plassen nytta til slåtteteigar for bruk nr. 67/2, 3, og 9. Nordvest for tunet ligg tydelege åkerteigar. Desse har ikkje vore nytta som slåttemark, men har truleg gått ut av bruk når dei ikkje lengre trengtes til åkerbruk.

Skogane vart nytta til støl i mange år etter at den var fråflytt, og engene vart haldne i hevd ved regelmessig slått fram til 1960. Etter dette vart dei slått meir sporadisk i ein periode på 8-10 år. Fram til i dag har engene lege unytta, men det er gjort nokre tiltak for å hindre attgroing med slått og vekkrydding av graset einskilde år. Det går ikkje beitedyr i området, men ein stor hjortebestand bidreg noko til å seinke attgroinga av gamle enger.



*Historiske foto  
frå Skogane, syner plassen i perioden med stølsdrift. Foto utlånt av Arild Dyrdal.*

Vatn har alltid vore ein utfordring på staden. Det måtte hentast frå ei kjelde som ligg om lag 100 – 150 meter retning nord-nordvest av Sogastova (mot bygda, opp mot mot fjellet). Her ligg eit oppkomme der det er greve ut eit vasstak (enkel form for brønn, gjerne kalla bekk lokalt). Elles går det eit fuktsig i nordvestre del av arealet i planen. Her er det og greve ut og murt opp tilsynelatande til eit vasstak. Torv har fylt seg opp i dette, og plassen vert tydeleg nytta av hjort til badedam.

### 3 Presentasjon av kulturlandskapet med plan for skjøtsel

#### Tilkomst og potensiale som opplevingsmål

Det går tre fotstiar til Skogane frå Dyrdal. Den vanlege gards/stølsvegen går frå hovudtunet i Dyrdal og skrår seg langsetter den bratte lisida. Vegen passerar fleire gamle utslårter, nokre med restar etter løer, og også ein gammal sommarfjøs. Ein møter og styvingstre av bjørk i no attgrodde bjørkehagar. Dei to andre stiane går via Salthella, som kan nåast på ein gammal veg langs fjorden. Frå Salthella går begge desse stiane bratt, og i swingar opp gjennom bjørkehagar som framleis er lysopne og høvesvis lite attgrodde. Vegane har eit stort potensial for å kunne verte ein opplevingsrik rundtur.

#### Dagens tilstand

Kulturmarksengene ved Skogastova er alle tidlegare slåtteenger. Dei ulike teigane er høvesvis homogene sjølv om det er lenge sidan dei har vore skjøtta. Her finst ikkje tuedanning eller tung grasdominans slik ein gjerne får der slått har opphørt og slåtteengene har vore hevda med beite i lengre tid. Grunntypen av eng er i gruppa «Fattige slåttemarker», som er den vanlegast førekommande slåttengstypen i fylket. Av dette finn ein mest areal av typen frisk fattigeng. Stor førekommst av skogmarihand peikar på eit visst kalkinhald i jorda, men artsinnhaldet samsvarar elles mindre med baserike engtyper.



*Figur 1 Bakgrunnskunnskap Frå Artsdatabanken*

**Om skogmarihand:**

Oftest knytta til noe kalkholdig grunn, slåtte- og beitemark, veikanter, (beita) skog og (slåtte-)myr. Øker ofte sterkt de første 10–15 åra etter opphørt drift, men går tilbake når gjengroinga tiltar, dvs. etter 25–35 år. Går raskt ut ved gjødsling, og vanligvis også ved forsommerbeite. Trives best når slått gjennomføres på seinsommeren, og suppleres med etterbeite.

**Om nattfiol:**

De to nattfiol-artene vokser i ulike typer slåtte- og beitemark, veikanter, llynghieier og (beita) skog. Grov nattfiol kan også forekomme i noe gjødslet eng. Nattfiol går tilbake 10–15 år etter opphørt drift, mens grov nattfiol først går sterkt tilbake etter 25–35 år. Trives best ved sein slått og ingen gjødsling, men også ved beiting. (Artsdatabanken sin kjelde: Bele og Norderhaug 2008).

Engene er blomerike, og med kontrastar mellom kvite, gule og raud-lilla til blå fargetonar er dei opplevingsrike. Skogbotnen i områda omkring slåttemarkene har og eit sterkt kulturpreg, og i dei frødigare delane av skogen finst også her rikt innslag av skogmarihand og litt nattfiol. Kulturmarka set Skogastova, som i skrivande stund er nesten ferdig restaurert, inn i sine rette kulturhistoriske og landskapsmessige rammer.

### Åkerlappar

Like nord-vest for Skogastova, i samanheng med slåttemarka, ligg eit område med ei rekke bakkemurer og steingarder. Steinstrukturane fortel om oppdyrkning, og her har det truleg lege åkerteigar. Feltsjiktet er stadvis bregnerik lågurtskog, men og stadvis høgvakse med til dels nitrogenkrevjande artar, som peikar på frisk mark og eit godt jordsmøn.



## Bygningar, vasskjelde og løypestrenger

Bustadhuset på husmannsplassen vert kalla Skogastova. Tømmeret i stova er skore på Skogane og handøksa. Bygningen er restaurert i perioden 2011 til 2014. Stova var i dårlig forfatning, med morkne stokkar inne bland gode stokkar. Ho vart teke ned, transportert, restaurert og transportert tilbake, kor den vart sett opp på plassen. Med erstatning for øydelagd tømmer, står bygningen i skrivande stund nesten ferdig restaurert. Det står att å gjere ferdig taket. Dette er alvorleg, då ein risikerer skade på den nyrestaurerte bygningen.



Nær bustadhuset (Skogastova) ligg ei samanrast løe og ei delvis rast bygning nytta til ysting. Nedst i teig 1 ligg og eit slikt samanrast yste hus. Eit lite fuktdrag/bekkesig går forbi dette huset i retning sørvest-nordaust. Om lag ved fuktsiget sitt utspring ligg ein oppmurt bekk (brønn) (skildra i avsnittet om brukshistorie). Elles er det lite vatn i nærleiken. I marka finn ein og fleire strengefester, løypestrenger vert nytta til å transportere t.d. høy eller ved ned stupbratte lisider.



*Kokk-hus satt opp for ysting, tilhører bruk nr. 9 og bruk nr. 2. Til høgre for det nedste er det konturar av løer. Ein plantekning med rekonstruksjon av husmannsplassen inklusive bygningane sett opp i samband med stølsdrift ville vore formidlande.*

### **3.1 Prioriteringar av skjøtselstiltak**

#### **Prioritering, prinsipp**

Dei praktiske tilhøva i Dyrdal og ved Skogastova set nokre avgrensingar for kva form for skjøtsel det er mogleg å få til. Det vil og verte avgrensa økonomiske ressursar tilgjengeleg for skjøtselen. Dei ulike teigane er difor gjeve ei prioritering i høve til kor ein skal byrje, og kva ein lyt velje å skjøtte når ein skal velje mellom dei ulike tiltaka/teigane. Det er prioritert etter skalaen 1-2-3.

Den kulturhistoriske og den landskapsmessige verdien av dei ulike teigane vert *ikkje* spegl i desse prioriteringane. Heile området, med steingardar, bakkemurer, tufter og bygningar ((ståande eller nedraste) og med kulturmarkspreng i form av hagemark, beiteskog, åkerteigar og slåttemark har stor verdi. Det største artsmangfaldet finn ein i slåtteteigane, og då med teig nr. 4 «på topp». Det er og den vegetasjonstypen som er sterkest truga i høve til kor raskt den vil forsvinne dersom den ikkje vert aktivt skjøtta.

#### **Resultat av prioriteringa**


Teigar der tilrådd skjøtsel er beiting har fått lægste prioritet av di beiting vil vera det vanskelegaste å gjennomføre. Tiltrådd gjerdetrase er lagt inn i skjøtselskartet, inkl. inngjerding av teig 4 for å unngå for tidleg beite på denne enga. Dyla kan sleppast innpå på tidleg haust for etterbeite. Det kan og vurderast tilsvarende «utegjerding» for teig 1 og 3. Det lyt setjast grinder der stien kryssar gjerde og i inngangen til teig 4 i nord-aust.

Tiltak som held dei to viktigaste slåtteteigane opne er gjeve høgste prioritet. Det er desse som vil gå raskast ut som vegetasjonstype, og det er her ein finn det høgste artsmangfaldet i området. Å halde desse engene opne vil dessutan sette den restaurerte Skogastova inn i ei rett kontekst, der ein syner at bygningen tilhøyrar ein husmannsplass. Skjøtselen er greitt gjennomførbar med enkle hjelpemiddel.

#### **Tilrådde tiltak utanom skjøtsel**

I tillegg til tiltak i form av vegetasjonsskjøtsel er det føreslege ein del andre tiltak som vil heve dei kulturhistoriske og opplevingsmessige kvalitetane på Skogane ytterlegare. Det vart under arbeidet med skjøtselsplan oppdaga ei rekke til då ukjende murar i nærliggande område, tydeleg steingarder og bakkemurar. Området har og godt bevarte, kjende murar og tufter etter ei rekke hus som no er helt eller delvis vekke. Det var ikkje rom i prosjektet for å arbeide med kartlegging av murer, tufter etc., då prosjektet hadde hovudfokus på vegetasjonen. Kunnskapsauke, dokumentasjon og formidling av alle kulturelementa i området ville vore positivt.

### 3.2 Kulturlandskapet inndelt i teigar



Kartet syner ei inndeling av teigar meint for å samle enger og anna kulturmark i einingar for skjøtsel. Det er lagt inn både gamle slåtteteigar og kringliggende areal som er sterkt kulturprega, men som ikkje har vore open slåttemark (sjå vedlegg 1 for større kartformat). I det vidare fylgjer ein gjennomgang av den einskilde teig, med ein presentasjon av dagens tilstand og tilrådingar til skjøtsel.

## **Teig 1**

Teig 1 er ein av dei framleis opne slåtteteigane. Den ligg sentralt i området med bustadhuset (Skogastova) plassert direkte sør-vest for teigen.



Enga skrånar slakt med ei nordvend eksponering. Nedst er eit fuktparti med takrør. For enden av teigen står eit nedfalle yste hus. Langs kantane veks bjørk. I ei sone med røys og rotete mark, mellom teig 1 og teigane 2 og 3, veks bjørk. Det står ei einsleg bjørk ute på teigen. Nokre heilt få eitt- og toårig oppslag av bjørk og av gråor finst i teigen. Bjørka frå kantsona mellom teigane har så vidt byrja å krype innover teigen.

Sjølve enga verkar homogen. Ho er ikkje utprega artsrik, og mykje firkantperikum syner byrjande attgroing. Teigen har nattfiol og noko skogmarihand. Det vart registrert 27 karplanter utanom vedartar i teigen. 1x1 m ruter hadde 12 – 14 artar og 0,5 x 0,5 m ruter hadde 11 - 12 artar. Enga er svært viktig for opplevinga av husmannsplassen, ho er den teigen som er viktigast i høve å sette skogastove inn i sine rette omgjevnadar. Krysslister følgjer vedlagt (vedlegg 2).

### **Oppsummert:**

Prioritet: 1

Vegetasjonstype: Slåttemark.

Engtype: Fattig slåttemark. (fattig til til intermediær, middels frisk, i tidleg attgroing).

Tidlegare skjøtsel: Slåttemark med sein slått. Etterbeite med husdyr.

Attgroingsstadie: Kulturmarksartar dominar framleis, men nokre skogsartar er komne inn. Endra dominanstilhøve der artar som aukar i omfang etter opphør av skjøtsel (her m.a. firkantperikum) har byrja å ta over dominans. Tresortar har byrja å kome inn, svakt frå kantane og heilt svakt ute i enga.

Verdi som naturtypelokalitet: B

Tilrådd skjøtsel: Seinsommarslått. Gjerne haustbeite.

## Teig 2

Teig 2 er den teigen som vart rekna som den mest produktive (pers. med. Arild Dyrdal). Teigen er gjerda inne med ein mur, noko som peikar i retning av at teigen var viktig. Teigen er tilvakse med lauvtre, i nedre halvdel med osp av middels alder.



Feltsjiktet er framleis urterik, og står fram som kulturprega, men har no ei blanding av skogsartar og engartar. Enga er mindre homogen enn teig 1. Sentralt i tegen er eit felt med einstape, ein problemart som kan spreie seg og øydelegge enga. Det vart registrert 26 ulike artar i feltsjikt utanom tresortar i juli 2016. Dette er nesten identisk med teig 1, men då teig 2 er mindre homogen framstår ho likevel som noko mindre artsrik enn teig 1. Her er og noko større tyngd av skogsartar, som gaukesyre og skogstjerne. Kryssliste fylgjer vedlagt (vedlegg 2).

### Oppsummert:

#### Prioritet: 3

Vegetasjonstype: Lågurtskog, mot høgstaudeskog, tidlegare slåtteeng, no nær beiteskog

Engtype: Fattig slåttemark. (Frisk – middels frisk, i attgroing).

Tidlegare skjøtsel: Slåttemark med sein slått. Etterbeite med husdyr.

Attgroingsstadie: Kulturmarksartar dominar framleis, men fleire skogsartar er komne inn. Endra dominanstilhøve der artar som aukar i omfang etter opphør av skjøtsel med slått (her m.a. einstape) har byrja å ta over dominans. Tre har fått vekse seg store, høvesvis ope busksjikt kan tyde på at beite har halde feltsjiktet i hevd etter opphør av slått.

Verdi som naturtypelokalitet: C

**Tiltrådd skjøtsel:** Beite vert tilrådd som hovudform for skjøtsel. Rydding får å få meir lys til feltsjiktet ville vore positivt. Osp er svært vanskeleg i høve rotoppslag, og mest ikkje råd å fjerne utan hard etterbeitning. Framfor full rydding bør ein difor fjerne dei minste trea gradvis (max 1/3 om gongen), med sluttmål om ei tresett eng. Då tek ein og vare på naturverdiar knytt til ospeholt.

### Teig 3

Teig 3 er det første slåtteengsvegetasjonen ein møter når ein kjem til Skogane. Stien opp til Skogastova går gjennom teigen. Teigen er delvis attgrodde, det veks både bjørk, gråor og osp som spreier seg frå kantane og dannar tregrupper i teigen. Feltsjiktet er urterikt med mykje vårmarihand. Her veks og ein god del nattfiol. Saman med raudknapp, skogkløver og raudkløver i raude- og lilla tonar samt andre urter med gule og kvite blomar gjer orkideane eit stekt inntrykk på den besøkande.



Teigen er viktig for landskapsopplevelingen. Attgroinga med lauvtre svekkar inntrykket av slåttemark.

Skogmarihand er ikkje berre ein slåttengsorkide, men og ein karakterart i rik, gjerne beita, skog. Kulturpåverknaden med beite som har gjeve eit gras- og urterikt feltsjikt og eit ope busksjikt har nok vore med å gje arten gode tilhøve. Kryssliste fylgjer vedlagt (vedlegg 2).

#### Oppsummert:

Prioritet: 2

Vegetasjonstype: Slåttemark.

Engtype: Fattig slåttemark. (fattig til til intermediær, middels frisk, i tidleg attgroing).

Tidlegare skjøtsel: Slåttemark med sein slått. Etterbeite med husdyr.

Attgroingsstadie: Kulturmarksartar dominar framleis, men nokre skogsartar er komne inn. Endra dominanstilhøve der artar som aukar i omfang etter opphør av skjøtsel (her m.a. firkantperikum) har byrja å ta over dominans. Tresortar har byrja å kome inn, svakt frå kantane og heilt svakt ute i enga.

Verdi som naturtypelokalitet: B

**Tilrådd skjøtsel:** Seinsommarslått på alle opne areal. Gjerne haustbeite. Det vert tilrådd tilbakerydding av tre innanfor teigen.

#### **Teig 4**

Teig 4 er ein langsmal slåtteteig som går frå oversida av Skogastova og vidare sør-vestover. Teigen ligg i flatt og slakt terrenget, brattast i den sørlege enden. Sørlege halvdel er eksponert mot sør. Enga er den mest artsrike på Skogane, her vart i juli -16 registrert 39 artar utanom tresortar. To ruteutlegg syntet 21 – 24 artar på 1x1 m og 18 – 22 artar på 0,5x0,5 m. Mellom desse finst og nokre artar som skuldast byrjande attgroing. Krysslister fylgjer vedlagt (vedlegg 2). Som hovudform er enga ei fattig til intermediær slåttemark, med parti i sørhellinga som nærmar seg turrengspreng.



Denne enga er ei fortsetting av husmannsplassen, der ein då går vidare forbi Skogastova. Byrjande attgroing med einstape, nyprose, gråor og bjørk syner at det er viktig å kome raskt i gong med skjøtsel.

#### Oppsummert:

Prioritet: 1

Vegetasjonstype: Intermediær slåttemark.

Engtype: Fattig slåttemark. (Fattig til intermediær. Tørr til middels. I tidleg attgroing)

Tidlegare skjøtsel: Slåttemark med sein slått. Etterbeite med husdyr.

Attgroingsstadie: Kulturmarksartar dominar framleis, men nokre skogsartar er komne inn. Endra dominanstilhøve der artar som aukar i omfang etter opphør av skjøtsel (her m.a. firkantperikum) har byrja å ta over dominans. Einstape har auka i omfang sidan sist enga vart skjøtta (kjend problem også då enga var i drift). Tresortar har byrja å kome inn, svakt frå kantane og heilt svakt ute i enga.

Verdi som naturtypelokalitet: A

**Tilrådd skjøtsel:** Seinsommarslått på alt ope areal. Ikkje beite før slått, haustbeite ok. Roser og spede byrjingar av lauvoppslag i teigen lyt ryddast. Kantane bør ryddast tilbake slik at enga er open innanfor alt det som har vore rydda til eng. Einstapen bør verte slege 2 gongar pr. år; i juni og sein i juli.

### **3.3 Teigar utanom slåttemarka**

Utover slåtteengene er det også avgrensa anna areal med kulturprega vegetasjon. Felles tilråding for teigane 5 til 7 er at desse vert innlemma innanfor ei inngjerding av Skogane for skjøtsel med beitedyr. Utover dette vert spesifikke råd for den einskilde teigen nemnd under. Ei utfordring kan verte vatn. Det finst eit tidlegare vasstak, men dette er no tilslamma. Vasskjelda bør gravast opp igjen. Dersom denne ikkje gjev tilstrekkeleg vatn for beitedyr lyt ein søke etter tidlegare nytta vasskjelder.

I bjørkehagen (teig 8) vil det være positiv å halde busksjiktet borte, og feltsjiktet i hevd gjennom beite. Det vert ikkje tilrådd inngjerding av dette området då det vil verte problematisk å finne vatn til beitedyra. Sau eller geit gåande fritt på utmarksbeite i området ville vere positivt, og bidrage til å halde bjørkehagen open.

#### **Teig 5**

Areala direkte kring huset og den nærmeste løa er avgrensa som ein eigen teig. Her kan det vere trond for å slå oftare, for å halde området kring sjølve Skogastova velstelt. Å halde graset lågt her kan bidra til å redusere trakk i engene frå besøkande. Alternativt kan arealet skjøttast som ein del av teig nr 3.

Prioritet: 1

Tilrådd skjøtsel: Slått med motorljå ved høgt gras gjennom sommaren. Inkludert del av område skjøtta med beite, samankopla i inngjerding med teig 6.

#### **Teig 6**

Skogen direkte utanfor slåtteteigane har eit kulturprega feltsjikt. Skogbotnen består i hovudsak av engvegetasjon med grasdominans, og kan kallast lågurtskog. I sør veks ein høvesvis lysopen furuskog. Mot nord, aust og vest veks frodig lauvskog. I aust veks det rikeleg med skogmarihånd i denne skogen. I vest går skogen over i ein bjørkehage eit lite stykke nedanfor husmannsplassen.

Prioritet: 3

Tilrådd skjøtsel: Vedlikehald av feltsjiktet ved beitedyr, del av overordna innhegning. Kratt og ungskog bør haldast nede.

#### **Teig 7**

Nord-vest for Skogastova ligg eit med ei rekke bakkemurer og steingarder. Feltsjiktet er høgvakse og til dels nitrogenkrevjande artar, som peikar på frisk mark og eit godt jordsmønster. Høgst truleg har dette vore nytta til åker. Ved ei etv. Inngjerding for skjøtsel med beitedyr er det viktig at dette arealet vert inkludert. Ei kartlegging av murane og identifisering av dei ulike åkerteigane ville auke kunnskapen om drifta av husmannsplassen.

Prioritet: 3

Tilrådd skjøtsel: Vedlikehald av feltsjiktet ved beitedyr, del av overordna innhegning. Kratt og ungskog bør haldast nede.

Tilrådd tiltak: kartlegge murene

### **Teig 8**

Denne teigen er ein bjørkehage i den bratte lisida under Skogane. Lisida er vend mot Nærøyfjorden, og stien mellom Salthella og Skogane går gjennom bjørkehagen. Avgrensinga på kartet er omtrentleg, og gjort ut frå gps markeringar lags stien gjennom teigen samt terrengformasjon og markslagsgrenser i ØK. Gamle tre i hagemarker kan være voksestad for sjeldyne moser, lav og sopp. I denne bjørkehagen er det funne eikelav (*Flavoparmelia caperata*) på gamle bjørketre (pers. med Johannes Anonby).

Prioritet: 3



Tilrådd skjøtsel: Beite ved frittgåande beitedyr, halde ungskog og kratt nede, evt. slippe opp utvalde tre for rekruttering til hagemarka sitt tresjikt etter kvart som eldre styvingsbjørker går ut.

### **3.4 Andre tilrådde tiltak for å bevare eit heilskapleg kulturmiljø**

I arbeidet med skjøtselsplanen trer det tydeleg fram ein del aktuelle tiltak som vil bevare kulturverdiane på Skogane og/eller bidra til å bygge opp, og betre dokumentere desse. Det er lett å sjå også enkle grep som kan bidra til å skape gode opplevingar for besøkande, og gjøre Skogane til ein god plass for ekskursjonar og t.d. skulebesøk. T.d. kan digital formidling vere fullt mogleg, her er dekning med 4G!. Gode tiltak kort oppsummert:

- Taket på Skogastova må på plass slik at bygningen står ferdig restaurert, og ein kan unngå nye skader.
- Registrering og innmåling av bygningsmurar/tufter, bakkemurar og steingarder.
- Registrering av alle strengefestene i området kring Skogane og mellom Skogane og fjorden.
- Restaurering av ein av løypestrengene som døme på transportmetoden

- Kartfesting og oppteikning av ein planteikning med rekonstruksjon av husmannsplassen inklusive bygningane sett opp i samband med stølsdrift.
- Framrydding av viktige steinstrukturar i kulturlandskapet
- Kartlegging av andre kulturlandskapselement i utmarka mellom tuna i Dyrdal og Skogane
- Etablering av nye styvingstre der gamle er i ferd med å gå ut
- Informasjonstiltak mot publikum
- Tydelegare merking av stien mellom hovudtunet i Dyrdal og Skogane, slått av høg vegetasjon i stien 2-3 gonger pr. sommar.

## **Etterord**



Skogane har eit stort potensiale som studieobjekt. Takk for oppgåva med å utforme ein skjøtselsplan.

06.12.2016  
Siri Wølneberg Bøthun

## Kjelder

- Austad, I., Hauge, L., Hamre, L.N. 2015. Håndbok for registrering av slåttemark (semi-naturlig eng) i Sogn og Fjordane. HSF, avd. for ingeniør- og naturfag, r-nr. 04/15
- Bele, B. & Norderhaug, A. 2008. Bondens kulturmarksflora for Midt-Norge. Bioforsk FOKUS. 121s.
- Bøthun, S. W. 2013. Dyrdal i Nærøyfjorden, plan for skjøtsel og tilrettelegging. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rapport nr. 3 - 2014
- Direktoratet for Naturforvalting 2007: Kartlegging av naturtyper – verdsetting av biologisk mangfold. DN håndbok 13 2. Utgave 2006 (oppdatert 2007)
- Fremstad, E. 1997: Vegetasjonstyper i Norge. NINA temahefte 12:1–279.
- Fremstad, E. og Moen, A.(red.) 2001: Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU Vitenskapsmuseet. Rapp. bot. Ser. 2001-4: 1-231.
- Lindegard, A. og Henriksen, S. (red.) 2011. Norsk rødliste for Naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.
- Halvorsen, R., Bryn, A., Erikstad, L. & Lindgaard, A. 2015. Natur i Norge - NiN. Versjon 2.0.0. Artsdatabanken, Trondheim.NGU, netteneste: Berggrunnskart 1: 250 000 og lausmassekart 1:250 000
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.
- Mossberg, B. og Stenberg, L. 2007. Gyldendals store Nordiske Flora, revidert og utvidet utgave, Gyldendal Norsk Forlag 2007.
- Ohnstad, Å. 2006. Aurland Bygdebok; Undredal og Nærøy, gard og ætt. Aurland Sogelag 2006


Munnlege kjelder:

Johannes Anonby, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Arild Dyrdal, grunneigar

Anbjørg Nornes, verneområdeforvaltar for Nærøyfjordområdet

## Vedlegg 1 Plankart



Vedlegg 2 Krysslister

Skogane 6. juli 2016

Art	teig 1	teig2	teig3	teig4	* = litt	gjengroing	kultur	skog
	x**	x	x*	x	**= mykje	x	x	x
firkantperikum								
småmarimjelle	x	x*	x	x				x
gulaks	x	x	x	x			x	
engsyre	x	x	x	x			x	
hundegras	x	x	x	x*			x	
grassjerneblom	x	x	x	x			x	
engkvein	x	x	x	x			x	
ryllik	x		x	x*			x	
myrfiol	x	x	x					x
skogstjerne	x	x	x					x
gaukesyre	x	x						x
kvann	x	x	x*	x			x	
kystmaure	x	x	x	x			x	
engsoleie	x	x	x	x			x	
kvitmaure	x	x	x	x			x	
skogmarihand	x	x	x	x			x	
tveskjeggveronika	x	x	x	x			x	
takrør	x							
skogstorknebb	x	x	x	x		x	x	
blåklokke	x*			x			x	
raudknapp	x	x	x	x			x	
kvitbladtistel	x	x	x	x			x	
sølvbunke	x	x	x				x	
hengeving	x*							x
enghumleblom	x*		x	x			x	
engfrytle	x*		x*				x	
bringebær	x*				x			
vendlerot	x	x	x	x			x	
nattfiol	x	x	x	x			x	

rose	x		x		x			
tepperot	x	x	x			x	x	
engfiol	x		x			x		
einstape	x	x	x			x		
raudsvingel		x	x			x		
skogkløver		x	x			x		
engmarikåpe		x				x		
vårengkall		x*	x			x		
harerug			x			x		
teiebær			x				x	
maiblom			x				x	
smalkjempe			x			x		
engsmelle			x			x		
bieteøyentrøst			x**			x		
småmarimjelle			x			x		
hundekjeks			x**			x	x	
kvitkløver			x			x		
raudkløver			x			x		
engsvingel			x			x		
	49	27	26	30	39	6	37	8
osp (oppslug)			x	x	x			

TEIG 1	rute1		rute2		rute3	
	1mx1m	0,5x0,5	1mx1m	0,5x0,5	1mx1m	0,5x0,5
firkantperikum	x	x	x	x	x	x
småmarimjelle	x	x	x	x	x	x
gulaks	x	x	x	x	x	x
engsyre	x	x	x	x	x	x
hundegras	x		x	x	x	x
gressterneblom	x	x	x		x	x

engkvein	x	x	x	x	x	x
ryllik	x	x				
myrfiol	x	x	x	x		
skogstjerne	x	x	x	x	x	x
gaukesyre	x	x	x	x		
kvann	x	x	x		x	x
kystmaure	x	x				
engsoleie			x		x	x
kvitmaure			x	x		
skogmarihand			x	x		
tveskjeggveronika					x	x
skogstorknubb					x	x
18	13	12	14	11	12	12

TEIG 4	rute 1		rute 2	
	1mx1m	0,5x0,5	1mx1m	0,5x0,5
einstape	x	x	x	x
engfiol	x	x	x	x
engkvein	x	x	x	x
engsoleie	x	x	x	x
engsyre	x	x		
gaukesyre	x	x	x	x
gulaks	x	x	x	x
hundekjeks	x	x	x	x
kvitbladtistel	x	x	x	
kvitkløver	x	x	x	
kystmaure	x	x	x	x
osp, oppslag	x	x	x	
raudkløver	x	x	x	x
raudknapp	x		x	x
raudsvingel	x	x	x	x

ryllik	x	x	x	x
skogmarihand	x	x	x	x
skogstorknebb	x	x	x	x
sløke (?)	x	x		
smalkjempe	x		x	x
småengkall	x	x	x	x
tepperot	x	x	x	x
tveskjeggveronika	x	x	x	x
vendelrot	x			
	24	21	21	18

### Vedlegg 3. Frå magasinet Jol i Sogn 1994:

# Husmannsplassen SKOGANE.

JOL I SOGN 1994

Høgt og fritt ovanfor Dyrdal ligg eit vakkert og fredsælt bruk – ein husmannsplass kalla "SKOGANE".

Det var rundt 1875 at Knut Anderson Hjetland fra Høyanger og kona Hansine Olsdatter Måredal frå Måren kom til Dyrdal. Dei slo seg ned på husmannsplassen Skogane og tok etternavnet Dyrdal . Etterkvar vart det fødd 12 born i den vesle husmannsstova der elleve levde opp og tok seg vel fram.

På Skogane flytta Knut og Hansine inn i ei lita tømmerstove, truleg ei røykstove den gongen.

Det var Ole Pedersen Dyrdal som hadde sett opp huset i året 1835, Årstalet er enno leseleg i langbjelken over stova.

Det var prima levevilkår for ein husmann på Skogane. Der fødde dei 2 kyr, 30 geiter, 8 –10 sau og ein anstendig flokk med høns. Dertil hadde dei støl på Vasset.

I fjorden kunne dei fiske, jakt og veiding, skog og bufeet. Visseleg hadde husmennene i Dyrdal like høg status og levevilkår som mange bønder rundt om i Sogn.

Dei var nøysame og flinke arbeidsfolk som vann livskraft til sitt hushald utav alt og ingenting.

Og penger var stadig lagt på kistebotnen. Det har siden vore hevda at då Knut og Hansine Dyrdal flytta frå Skogane hadde med seg 10.000 oppsparte kroner der dei vandra nedover den stupbratte stien til Dyrdal – ein bitande kald novemberdag i 1919.

# HUSMANNSPLASSEN SKOGANE I DYRDAL

Høgt og fritt ovanfor Dyrdal i Nærøfjorden ligg eit vakkert og fredsælt bruk – ein husmannsplass kalla "SKOGANE". I dag er det stilla og einsemda som rår grunnen her på skogane. I året 1919 flytta Knut Anderson f. Hjeltland og kona Hansine Olsdotter Måredal/Dyrdal frå husmannplassen og drog til Norderhov på Ringerike der dottera Martha Dyrdal hadde gifta seg med Vebjørn Dalsbotten fra Flåm.

Ungfolket hadde kjøpt seg storgard på 300 mål og i november 1919 pakka gamlefolket, låste døra i den vesle tømmerstova, vinkte farvel til tunet og Skogane – Knut og Hansine var ikke ungfolk lenger – 66 og 72 år gamle.

Det var rundt 1875 at Knut Anderson Hjetland fra Høyanger og kona Hansine Olsdotter Måredal fra Måren kom til Dyrdal. Dei slo seg ned på husmannsplassen Skogane og tok etternavnet Dyrdal. Etterkvar vart det fødd 12 born i den vesle husmannsstova der elleve levde opp og tok seg vel fram.

Ute i Larvik sat eit par besteforeldre att då ungfolket Knut og Hansine drog til Dyrdal og Skogane.

Eldsteguten til Knut og Hansine som heitte Kristian var blitt sju år og hadde lite lyst å reise til Dyrdal. Han ønskete å vera med med besteforeldre til Amerika og slik vart det også.

Truleg vart det felt mange tårer hos Knut og Hansine høgt der opp på husmannsplassen Skogane når tankane gjekk til vesle Kristian som hadde emigrert til Amerika berre sju år gammal.

### **3.5 Prima levekår for ein husmann**

På Skogane hadde Knut og Hansine flytta inn i ei lita tømmerstove truleg ei røykstove den gangen.

Det var Ole Pedersen Dyrdal som hadde sett opp huset i året 1835. Årestallet er enno leseleg i langbjelken over stova..

Det var prima levevilkår for ein husmann her på Skogane der dei fødde 2 kyr, 30 geiter, 8 – 10 sauер og ein anständig flokk høns. Dertil hadde dei støl på Vasset.

I fjorden kunne dei fiske, jakt og veiding, skog og bufeet. Visseleg hadde husmennene i Dyrdal like høg status og levevilkår som mange bønder rundt om i Sogn.

Dei var nøysame og flinke arbeidsfolk som vann livskraft til sitt hushald utav alt og ingenting.

Og penger var stadig lagt på kistebotnen. Det har siden vore hevd at då Knut og Hansine Dyrdal flytta frå Skogane hadde med seg 10.000 oppsparte kroner der dei vandra nedover den stupbratte stien til Dyrdal – ein bitande kald novemberdag 1 1919.

(Tekst utenfor bilde av Skogastova) "Paradis på jord – a la Skogane i Dyrdal. I denne stova vart det fødd tolv og elleve vaks opp. Huslyden på fjorten levde og budde her fra 1875 – 1919)

### **10. august 1892**

Etter kvart vart tolv born fødde her i stova på Skogane. Kona Hanseine skulle vere ei umåteleg sterke og klok kvinne. Den 10. august 1892 var Hansine på stølen Vasset. Ho var budeie her og hadde med seg flere av småborna, dertil var Hansine for "hand". Tidleg om morgonen sette fødselsriene til med kraft og smerter.

Det er fortalt at ho var reint frå seg då ho skjøna at fødselen var nær foreståande og at ho ikke makta å mjølka budskapen denne morgonen. Dei andre budeiene hadde sagt fra at ho måtte ikke tenkja på mjølkkinga. Dermed gjekk Hansine inn i selet og fødde ein velskapt og stor gut. Fødselen skulle ha gått kjapt føre seg. Det var det tiande barnet må vite. Det tiande barnet og den tiande august. Hansine stod opp av senga og fortalte at guten måtte heite Tinus August rett og slett etter den tiande august. Presten fråråda dette navnet og guten vart heitande Ole Andreas Dyrdal.

Det har sidan gått gjetord om Hansine Dyrdal., for om kvelden når budskapen skulle mjølkast møtte ho glad og fornøgd opp på stølsvollen fekk budskapen mjølka som vanleg. Kjapt for ho innatt i selet slik den nyfødde guten fekk brystmjølk frå ei spenstig og opplagd mor på 45 år.

### **3.6 STERKEKNUT**

Om kona Hansine var sterke og velvaksen så hadde ho også en mann som just ikke var å drive ap med.

Knut var tettvaksen og mørk i hua. Som oftast bar Knut hatt. I beltet hang alltid ein durabel slirekniv. Ein velvaksen bart hang sid og tung nedover kinna. Augo blinka faretruande. Ledig som ein rev kunne kan kaste seg rundt i lufta, reine akrobaten i så måte.

Å take ryggtak med Knut var det ingen som våga. Når han hadde vore til sjøen og bar tunge bører oppover til Skogane heitest det at han bar opp til 100 kg på ryggen frå stranda og opp til Skogane – utan å kvila.

Barneflokken vaks til. Kraftig mat og drikke dertil fødde av sterke foreldre tilsa: Velvaksne og sterke born.

## **REINSEMD**

Både Knut og Hansine var overmåte reinsame menneske. Det er fortalt at Hansine vaska fjøsgolvet kvar dag året gjennom. Like bortanfor fjøsen rann storbekken og her henta Hansine bøtter med vatn som ho slo utover fjøsgolvet når alt var mjølka og silt.

Soplimate sleit ho snøgt ut, like snøgt batt ho nye soplimar som tok godt tak på dei grove tømmergolva.

Dei senesterke armane hadde kraft og spenst – akk ja – pleide ho å seie når ho slo slåen for fjøsdøra om kvelden.

Like reinsam var ho også i stova som alltid glitra og skein. – Vi har gods, gull og grøne skogar, skulle Knut og Hansine seie spøkende til barneflokken. Det låg mangt og mykje i denne setningen. Verdfull og jordnær ballast som borna tidleg fekk lære seg. Reinsem: når andre hadde eit svære leven med lus og lopper så skein borna fra Skogane.

Bading og vasking både av klær og kroppar som måtte til pers under einelogevatn til stadigheit. Sengehalm som stadig vart utskifta. Hansine skura stovegolvet kvar dag, og borna fekk lære reinsem meir enn nokon.

Alle de tolv borna hadde faste gjeremål. Den vesle husmannsstova hyste fjorten personer etter kvart.

## **BORNA DREG UT**

Skulevegen fra Skogane til Dyrdal var ikke lett. Stupbratte stien ned til Dyrdal og oppatt...gjerne i tette rennerefokket, snøkave så ein ikke såg hand for augo.

Borna var flinke og møtte alltid opp til skulen uansett ver og vind. Borna fra Skogane hadde tidlig mål og meininger kva dei ville og kvar dei ville: Amerika.

Vesle Kristian hadde fare med besteforeldrea berre sju år gammal og var alt ein vaksen mann der borte. Ein dag sa Ola farvel der oppe på Skogane berre 16 år gammal.

Systerne for i lag. Malena og Sønneva, snaut 20 år gamle. No byrja amerikabreva å bli kjærkomen lesnad i den vesle stova på Skogane.

Der sat dei att Knut og Hansine Dyrdal – heile den store barneflokken hadde fare ut, nokre til Amerika.. dei andre spreidde rundt i landet.

## **JOL PÅ SKOGANE**

Når julekvelden sveipte seg over Skogane tok Knut og Hansine kvarandre i handa og gjekk ut på den store gråsteinhella.

Nysnøen var kosta bort, den stjerneblanke natthimmelen over dei, ein raurev gjekk varlede attende ved eldhuset.

Dei gamle gjekk innatt og let minna strøyme på den gongen dei dekka langbordet til 14 - to vaksne og tolv born.

Jolevangeliet som vart lese, ribba, potetene og kålrabien. Dessert? Turka blåbær og molter hadde Hansine tilbereda...med sukker til. Jolekvelden vart rokk og kare sett borte i kråa. Jolegåver var nye strikkalabbar eller vottar.

Mellom stoveglasa stod jolegrana med glitrepapir og hysing. Frå grua lyste og brann det meisterleg medan kulden beit rundt hushjørna. Hyss.. udyra ylte der ute i jolenatta. Borna song jolesongar til midtnattimen rann. Det var tid å komme til sengs.. på lemen og i dragsengene rundt stoveveggane.

Feldar og dyner vart sveipt rundt kvarandre i bøn og takk til Gud. Denne jolenatta anno 1918 lova dei gamle på Skogane skulle bli den siste. Neste jolekveld skulle feirast på flatbygdene Hole på Ringerike. Men minna frå høgdeplassen Skogane ville dei aldri gløyme – paradis på jord. Knut døydde i året 1931 og Hansine i året 1924.